

## Til elevar og foreldre i 3. og 4. klasse

Me er no ferdige med batterijakta. Alle elevane gjorde her ein stor innsats med å samla inn batteri. Me fekk inn totalt 123 kg med batteri. Gjennomsnittet vert då ca.11 kg for kvar elev – og det er strålande. Det gjekk litt konkurranse i å få tak i mest mogeleg – og de som foreldre var flinke til å hjelpa til.

Batterijakta har gjort elevane bevisste på at det går an å gjera ein jobb for miljøet. Dei har sett at dei kan gjera ein innsats. Desse erfaringane håpar me på at dei tek med seg seinare i livet.

Som ei avslutning på denne oppgåva reiser me til Manger på tysdag 9.april for å levera batteria på gjenbruksstasjonen. Den opnar kl.12.00, så det er ikkje heilt sikkert at me kjem tilbake til skulen til kl.13.00. Dei som ikkje når bussen vil me kjøra heim. Det kan difor henda at nokon kjem heim litt seinare enn vanleg.



For Austebygd skule v/ Oddvar Stang